



DEN NORSKE KIRKE

Øvre Eiker kirkelige fellesråd

Møtebok for Øvre Eiker kirkelige fellesråd

Møtedato: 03.04.2024
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Vestfossen kulturkirke

På møtet:

Lone Husby Flaten, Anton Lundteigen, Tone Bogen, Reidun Bollerud, Kim Mogen Myhre, Hilde Bjornes, Emil Andreas Bellen Nordahl, Stig Kaarstad, Trine Holtungen, Anne Magnus(ikkje sak 07/24).
Kirkeverge Oddvar Etnestad.

Møtebok frå fellesrådsmøtet 31.01.24. og innkallinga til møtet 03.04.24. godkjent utan merknad

Orienteringssaker:

Sak 01/24 Personalinformasjon

Organist Wiggo Nilsson har sagt opp stillinga.

Sak 02/24 Medarbeiderundersøkelsen

Orientering om nasjonal medarbeider undersøkelse og arbeid med denne lokalt. Meir informasjon i neste møte.

Sak 03/24 Vestfossenprosjektet

Omvisning og orientering både ute og inne v/Harald Martiniussen.

Vedtakssaker:

Sak 005/24 Høyringssvar til framlegg til forskrift tilskot til kulturhistoriske verdifulle kirkebygg

Framlegg til vedtak:

1. Det er svært gledeleg at kyrkjebevaringsprogrammet er på plass, og vi takkar for muligheten for å kome med uttale.
2. ØEKF ber ein vurdere å ta bort heile trappemodell, og heller gå for flat modell og gje tilskudd på 50 % av kostnadane.
3. Ein stiller spørsmål ved målsettinga, at ein skal få 100 % dekning av forprosjekt. Forprosjekt er viktig, men ei god tilstandsanalyse kan dekke mykje av behovet ein etterspør.
4. Vektlegging på kompetanse er svært gledeleg og viktig, her må det utviklast program for lokal og regional kompetansebygging.
5. Det er viktig med gode fristar for gjennomføring av prosjekt, grunna av at det er mange prosjekt som skal gjennomførast samtidig og kan vere utfordrande å skaffe til veie nok fagfolk..



DEN NORSKE KIRKE

Øvre Eiker kirkelige fellesråd

Møtebehandling:

Nytt revidert framlegg frå Anne Magnus, samrøystes vedtak:

Vedtak:

Det er svært gledeleg at kyrkjebevaringsprogrammet er på plass, og vi takkar for muligheten for å kome med uttale.

1. ØEKF ber ein gå bort frå trappemodell, og heller gå for flat modell og gje tilskudd på 50 % av kostnadane, frå første tilskotskrone, uavhengig kor mykje midlar ein nyttar til restaurering
2. For forprosjekt bør ein halde fram med dagens modell, at ein mottek inntil 60 % i tilskudd til gjennomføring av forprosjekt
3. Vektlegging på kompetanse er svært gledeleg og viktig Her må det utviklast program for lokal, regional og nasjonal kompetansebygging.
4. Det er viktig med gode fristar for gjennomføring av prosjekt, grunna av at det er mange prosjekt som skal gjennomførast samtidig og kan vere utfordrande å skaffe til veie nok fagfolk..

Sak 006/24 Økonomiplan for Øvre Eiker kirkelige fellesråd for 2025 – 2028

Framlegg til vedtak:

1. Øvre Eiker kirkelige fellesråd tek orienteringa om økonomiplan for 2025 – 2028 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd til vitande
2. Kirkevergen tek med innspela frå rådet med seg i arbeid fram mot framlegg til vedtak i neste møte.

Vedtak:

1. Øvre Eiker kirkelige fellesråd tek orienteringa om økonomiplan for 2025 – 2028 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd til vitande
2. Kirkevergen tek med innspela frå rådet med seg i arbeid fram mot framlegg til vedtak i neste møte.

Sak 007/24 Årsmelding og rekneskap for 2023 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd

Framlegg til vedtak:

1. Årsmelding for 2023 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert teke til vitande
2. Driftsrekneskapen for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert godkjend i balanse, slik den ligg føre.
3. Investeringsrekneskapen for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert godkjend med eit meirforbruk på kroner 1.368.276,-
4. Meirforbruket i investeringsrekneskapen vert dekkja inn av tilskudd til forprosjekt frå Riksantikvaren på inntil kroner 870.000,- og det øvrige beløpet på minst 498.276 i tildelte investeringsmidlar frå Øvre Eiker kommune i 2024.



DEN NORSKE KIRKE

Øvre Eiker kirkelige fellesråd

Vedtak:

1. Årsmelding for 2023 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert teke til vitande
2. Driftsrekneskapen for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert godkjend i balanse, slik den ligg føre.
3. Investeringsrekneskapen for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert godkjend med eit meirforbruk på kroner 1.368.276,-
4. Meirforbruket i investeringsrekneskapen vert dekkja inn av tilskudd til forprosjekt frå Riksantikvaren på inntil kroner 870.000,- og det øvrige beløpet på minst 498.276 i tildelte investeringsmidlar frå Øvre Eiker kommune i 2024.

For Øvre Eiker kirkelige fellesråd

Lone Husby Flaten
Leder

Oddvar Etnestad
Kirkeverge